



Byggmester Ådnekvam AS
Salhusvegen 55
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/993 - 17/12215

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
27.04.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 123/100 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.03.17

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Etter det kommunen kan sjå er tiltaket plassert innanfor byggegrense mot veg. Avstand frå eigedomsgrense til byggegrense er 8 meter medan tiltaket er plassert 7,5 meter frå eigedomsgrensa. Det må difor anten søkast om dispensasjon frå byggegrense eller sendast inn revidert søknad med endra plasing for bygningen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.05.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing



Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hera Eiendom AS

Stølen 37

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Byggmester Ådnekvam AS

Salhusvegen 55 5131

NYBORG